



Allskog Sa
Ingvald Ystgaards veg 13A
7047 Trondheim

Vår ref.: 26/1145-9

Dykkar ref.:

Arkiv:

Dato: 26.08.2026

Høyringsbrev – Offentleg ettersyn av lauvskogstrategi for Stranda kommune

Offentleg høyring – Lauvskogstrategi for Stranda kommune 2026–2036

Stranda kommune legg med dette fram forslag til **Lauvskogstrategi for Stranda kommune** til offentlig høyring og ettersyn. Strategien er utarbeidd som eit grunnlag for framtidig forvaltning og utvikling av lauvskogressursane i kommunen.

Stranda kommune har om lag 63 000 dekar lauvskog, og ressursen representerer eit viktig grunnlag for lokal verdiskaping, karbonbinding og biologisk mangfald. Strategien skisserer mål og prioriteringar for korleis kommunen ønskjer å leggje til rette for ei berekraftig utvikling av skogressursane, med vekt på aktiv skogforvaltning, klimaomsyn, miljøverdiar og langsiktig ressursutnytting.

Utval for miljø og kommunalteknikk har vedteke å leggje strategien ut til offentlig høyring slik at innbyggjarar, grunneigarar, organisasjonar, næringsliv og offentlege instansar kan kome med innspel før endeleg behandling.

Høyringsdokument

Følgjande dokument ligg ute til offentlig ettersyn:

- Lauvskogstrategi for Stranda kommune
- Faktagrunnlag for lauvskog i Stranda kommune
- Saksframlegg med tilråding om vedtak
- Statistikk
- Definisjonar
- Kart
- Tal frå områdetakst 2017

Høyring spørsmål:

- Korleis bør Stranda kommune balansere omsynet til verdiskaping, arbeidsplassar, karbonbinding, klimatilpassing i den framtidige skogforvaltninga?
- Kva kan kommunen gjere for att lauvskogressursane og skogareala forvaltast og utnyttast betre for å skape auka lokal verdiskaping, fleire arbeidsplassar og høgare ressursutnytting?
- Kva rolle bør treslagsskifte og aktiv forynging ha i lauvskogstrategien, og på kva areal meiner du slike tiltak kan vere aktuelle?
- Kvifor blir lauvskogen i liten grad forvalta og skjøtta i dag?
- Kva tiltak meiner du vil ha størst effekt for å auke verdiskapinga frå lauvskogareala, inkludert bruk av trevirke, bioenergi, vidareforedling og nye marknader?
- Kva legg du i omgrepet berekraftig skogbruk?
- Bør kommunen arbeide for nye inntektskjelder, som karbonbinding og klimamarknader, og er det andre tiltak som bør innarbeidast i strategien?

Høyringsfrist

Frist for å sende inn merknader er 1/11-2026.

Innspel kan sendast til:

Stranda kommune

Øyna 13

6201 Stranda

eller per e-post til:

post@stranda.kommune.no

Merk innspelet med: «Høyring – Lauvskogstrategi»

Vidare behandling

Alle innkomne merknader vil bli vurderte før strategien vert lagt fram til endeleg politisk behandling.

Innspel som kjem inn innan høyringsfristen vil inngå i det vidare arbeidet med strategien.

Stranda kommune ønskjer innspel frå alle interesserte og oppmodar særleg grunneigarar, skognæringa, lag og organisasjonar til å delta i høyringa.

Med vennleg helsing

Stranda kommune

Asle Johan Bergseth Konnerth

Skogbrukssjef

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.

Kopi til:

Kopi til:
Stranda Bondelag
Stranda skogeigarlag

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
25.08.2026	Strategi for lauvskogen i Stranda kommune	449325
25.08.2026	Faktagrunnlag for Lauvskog i Stranda	449326
25.08.2026	Lauvskogstrategi for Stranda kommune	449327
25.08.2026	Statistikk frå nyare tid for skogen i Stranda	449328
25.08.2026	Definisjonar	449329
25.08.2026	1525_Sumtall	449330
25.08.2026	Kart_Stranda	449331